

## Voss Herad årets nynorskkommune 2020

30.10.2020

Kvinnherad var blant dei 4 finalistane til å bli årets nynorskkommune 2020. Dette skapte stort engasjement i ei avstemming på Framtida.no. Kvinnherad fekk knapt 133.000 stemmer klart meir enn Voss som fekk vel 118.000 stemmer. Det hjelpte likevel ikkje. Voss vart i dag utnemnd til årets nynorskkommune 2020 av juryen. Dei to andre finalistane var Sunnfjord og Hareid. I omtalen av vår kommune la juryen vekt på:*Hareid kommune og Kvinnherad kommune utmerkjer seg særleg i arbeidet med integrering og opplæring. Kvinnherad kommune er ein føregangskommune i arbeidet med nynorskopplæring for vaksne innvandrarar. I Hareid kommune får arbeidsinnvandrarar no tilbod om gratis nynorskopplæring.*

tid